



Direktoratet for
internasjonalisering
og kvalitetsutvikling
i høyere utdanning

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen - NOKUT
Postboks 578
1327 LYSAKER

Vår ref:
20/00919-2

Deres ref:
19/10258-8

Dato:
09.10.2020

Høyringsssvar - Endring i forskrift om tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar

Vi viser til høyringsbrev datert 02.07.2020 og sender med dette uttale om «Endring i forskrift om tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar».

Diku – Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning skal bidra til utvikling av kvaliteten i norsk høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og til styrka internasjonalt samarbeid og utveksling i heile utdanningsløpet.

Med bakgrunn i mandatet vårt er det viktig å bidra til presisering av forskrifta. Det er viktig for den samla utdanningskvaliteten at det blir stilt klare krav til utdanningsfagleg kompetanse ved tilsetjing og opprykk, og Diku ser behov for at forskrifta vert tydeleggjort. Vi støttar NOKUT sine forslag om endra ordlyd, oppbygging og struktur i § 1-2 og § 1-4 , og synes det i all hovudsak bidreg til ei tydelegare forskrift.

Vidare vil vi kommentere hovudpunkta i høyringsbrevet:

1. Kompetansekrav for tilsetting som førsteamanuensis, jf. §1-4
2. Kompetansekrav for tilsetting i stilling som professor, jf. §1-2

1. Kompetansekrav for tilsetjing som førsteamanuensis, jf. §1-4

1.1. Hovudregel og unntak knytt til utdanningsfagleg kompetanse

Diku er samd i at hovudregelen må vere at ein har oppfylt den utdanningsfaglege kompetansen innan tilsetjing. Ei slik presisering tydeleggjer at utdanningsfagleg kompetanse skal vektleggjast meir ved tilsetjingar og opprykk, og styrkar intensjonen om at å verdsetje utdanningsfagleg kompetanse høgare. Diku vil understreke at det framleis i særskilde tilfelle må vere høve til å opparbeide seg slik kompetanse etter tilsetjing, slik endringa legg opp til.

Vi meiner NOKUT sitt forslag om å plassere unntaket i eit eige ledd (§1-4, tredje ledd) bidreg til å presisere og tydeleggjere hovudregelen.

1.2. Vurdering og rangering knytt til utdanningsfagleg kompetanse

Diku er også samd i at søkjarar ikkje skal rangerast etter utdanningsfagleg kompetanse, så lenge vilkår er oppfylte.

Eit spørsmål som framleis kan vere uklart er om institusjonar har høve til å rangere ein søkjar som ikkje har oppfylt den utdanningsfagleg kompetansen ved søkjartidspunktet, framfor søkjarar som har oppfylt kravet. Unntaksregelen knytt til at søkjarar i særskilde tilfelle har høve til å opparbeide seg slik kompetanse etter tilsetjing, bør gjelde uavhengig av om andre søkjarar oppfyller minstekravet. NOKUT bør vurdere om dette skal klargjerast.

Det er viktig å sikre at stipendiatar, postdoktorar, forskarar og andre mellombels vitskaplege tilsette får høve til å kvalifisere seg til stilling som førsteamanuensis, anten gjennom at dei får tilgang til relevante kurs, eller ved at unntaksregelen i særskilde tilfelle kan takast i bruk. For å sikre likepraksis skulle Diku gjerne sett at det var nærare spesifisert i kva tilfelle unntaket kan gjelde.

1.3. Kompetansekrav for tilsetting i stilling som førsteamanuensis – program, kurs, undervisning

Diku meiner endringa i forskifta tydeleggjer kravet om korleis ein kan oppnå utdanningsfagleg kompetanse.

1.4. Kompetansekrav for tilsetting i stilling som førsteamanuensis – grunnleggande kompetanse for undervisning og rettleiing

Diku meiner endringa i forskifta (§1-4, andre ledd) klargjer at grunnleggande kompetanse for undervisning og rettleiing er eit hovudvilkår som kan utviklast gjennom alternativa a) og b).

1.5. Dokumentasjonskrav ved tilsetting for førsteamanuensis

Diku er samd i at kravet til dokumentasjon av utdanningsfagleg kompetanse blir tydelegare når det er utforma som eit eige ledd i forskrifta. Vi meiner også det er positivt at det blir vist til §1-1 for å auke bevisstgjeringa rundt institusjonane si plikt til å ha eigne prosedyrar for korleis kompetansen skal vurderast.

Samtidig ser Diku fordelar med at ein på sikt utviklar ei større grad av standardisering for å sikre ein nasjonal standard for kva utdanningsfagleg kompetanse i UH-sektoren er og korleis kompetansen skal dokumenterast/vurderast. Det vil forenkle prosessen for søkjar dersom hen kan utarbeide ei portefølje og sende same portefølje til ulike institusjonar, samanlikna med om kvar institusjon har ulike krav. I tillegg til å ivareta søkjarens interesse, er det viktig å sikre at institusjonane har ei viss grad av autonomi, dette kan ein ivareta ved at institusjonane deltar i utarbeiding av krava.

2. Kompetansekrav for tilsetting i stilling som professor, jf. § 1-2

2.1. Kompetansekrav for tilsetting i stilling som professor

For å bli tilsett som professor må ein blant anna kunne dokumentere kvalitetsutvikling i eiga undervisning og rettleiing over tid (§1-2, ledd 3).

For å bli tilsett som dosent må ein kunne dokumentere omfattande pedagogisk utviklingsarbeid og annan pedagogisk verksemd av høg kvalitet (§1-3).

Diku meiner at formuleringa i §1-2, på same måte som §1-3, også bør seie noko om nivået på «kvalitetsutvikling i egen undervisning og rettleiing», alternativt bør det leggjast vekt på kvaliteten på den opparbeidde kompetansen. Eit forslag til formulering kan vere «For å bli tilsett som professor må ein kunne dokumentere kvalitetsutvikling i eiga undervisning og rettleiing på høgt nivå.»

2.2. Unntak knytt til grunnleggande kompetanse for undervisning og rettleiing

Diku er samd i dei endringane som er foreslått i §1-2, andre ledd. Paragrafen er no ryddigare og tydelegare, og kravet til utdanningsfagleg kompetanse for ein professor er skjerpa samanlikna med krava til førsteamanuensis.

2.3. Dokumentasjonskrav ved tilsetting i stilling som professor

Diku meiner dokumentasjonskravet blir tydeleg gjennom å vise til §1-4 fjerde ledd, men samtidig vil ein gjennom å vise til §1-1 også her bidra til å auke bevisstgjerings rundt institusjonane si plikt til å ha eigne prosedyrar for korleis kompetansen skal vurderast.

Som kommentert under avsnitt 1.5 over, ser Diku fordelar med at ein også her på sikt utviklar ei større grad av standardisering for å sikre ein nasjonal standard for kva utdanningsfagleg kompetanse i UH-sektoren er og korleis kompetansen skal dokumenterast/vurderast.

Med venleg helsing
Ragnhild Tungesvik
avdelingsdirektør

Therese H. Røst
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.